

Studentbarnavisa

Nr 1. 2019/2020



«Me skal støtta barna sitt
initiativ til samspel og bidra til
at alle kan få leika med andre,
oppleva vennskap og læra å halda
på venter» -Rammeplanen s:23-

Sogndal Studentbarnehage

Dalavegen 10

6856 SOGNDAL

Kontor: 901 61 334

Måne: 480 31 132

Sol/ Stjerne: 480 64 858

E-post: sogndal.barnehage@sammen.no

Kort om stort og smått

Velkommen til nytt barnehageår

Då er eit nytt barnehageår starta, og me vil gjerne ynskja alle nye og «gamle» born og deira føresette hjarteleg velkomne. Først av alt, me er veldig interessert i få tilbakemeldingar frå dykk foreldre, det er i saman med dykk at me får til den gode barnehagen. Kom til oss om det er noko de lurer på eller vil endre – eller rett og slett har ynskjer om aktivitetar for dykkar barn. Endring skjer ikkje før vi har fått vite at det er det de ynskjer.

Sogndal Studentbarnehage

Sogndal Studentbarnehage er ein privat barnehage drifta av Studentsamskipnaden på Vestlandet. Det er 44 plassar i barnehagen, og studentar og tilsette i Saman (Studentsamskipnaden på Vestlandet)/HVL (Høgskulen på Vestlandet) har fortrinn i henhold til vedtektene. Barnehagen har samordna opptak med Sogndal kommune, og dersom me har ledige plassar, tilbyr me barnehageplass til born med foreldre som ikkje er studentar, eller er tilsette i Saman/HVL. Barnehagen har fått nye vedtekter som er gjeldande frå 01.08.2018. Gå inn på heimesidene og les, for her er det nokre endringar som blant anna opningstid og sommarstengt barnehage.

Informasjon og kommunikasjon med barnehagen

Barnehagen lagar ei avis 5 gonger i året som me kallar "Studentbarnavisa". Den blir lagt ut på våre nettsider sammen.no (velg studiestad, så barnehage) og på **Mykid**. I avisa vil du få informasjon frå styrar, frå foreldrerådsutvalet, samarbeidsutvalet, evaluering av arbeid på avdelingane, samt oversikt over planar framover.

Innhaldet vil variere frå periode til periode. Avisa kjem ut 5 gonger i året, (september, november, januar, mars, og siste avisa kjem ut i mai).

Det er styrar saman med dei pedagogiske leiarane som har hovudansvar for avisa.

Alle avdelingar har eigne tavler der foreldra kan sjå oppslag over veka, samt anna informasjon som vedkjem deira barn. Ein del informasjon blir òg hengt på utgangsdørane. Mesteparten av informasjonen kjem no på «mykid», som er eit kommunikasjonsverktøy som barnehagen tok i bruk i februar 2018. Dette er ein app som du gratis lastar ned på telefonen.

På Saman sine nettsider www.sammen.no ligg det generell informasjon. T.d. vedtekter, rammeplan, årsplan, Studentbarnavisa, song-perm, rim og regle- hefte, smittevern og "lus – informasjon", m.m.

Den daglege kontakten og kommunikasjonen med dykk foreldre er veldig viktig for oss. Me prøver så godt det let seg gjera, å ta oss tid til å snakke med kvar enkelt både om morgon og ettermiddag. Om det er noko, "smått eller stort", så vil me gjerne at de snakkar med oss om det. Då kan vi få til ein barnehage som er god for alle.

Barnehagen freistar å ta individuelle omsyn så langt det let seg gjere.

Opningstida i barnhagen

Barnehagen opnar 7.15 og stenger 16.15.

Det hender personalet kjem før 7.15 for å gjere klar til å opne, me set pris på at de respekterer opningstida, og ikkje kjem tidlegare enn 7.15.

Kjernetida i barnehagen er frå kl. 9.30 til kl. 14.00. Dersom barnet tek fri eller om barnet er sjuk, er det fint om de ringjer eller sender sms om morgonen. Tal barn som er i barnehagen er ofte avgjerande for korleis vi legg opp dagen. Tlf.nr. står på framsida. Vi har bedriftsnett,

noko som betyr at om dei ikkje tek telefonen inne på dykkar avdeling så vert telefonen vidarekopa til f.eks kontoret eller den andre avdelinga.

Barnehagen kontor: 901 61 334
Barnehagen måne: 480 31 132
Barnehagen sol/ stjerne: 480 64 858

Foreldremøte

Det blir arrangert foreldremøte 12. september. Sol/ Stjerne frå kl. 16.15 – 17.00. Måne frå 18.00-18.45. Det vil bety at alle avdelingane har ein fellesdel frå klokka 17.00-18.00.

På møte får de kort informasjon om Saman/ Studentbarnehagen, om kvardagen i barnehagen, og om det pedagogiske arbeidet.

Vi tilbyr barnepass til dei av dykk som treng det. Dette er eit tilbod først og fremst til studentar som er aleine med barnet sitt her i Sogndal. Det blir hengt opp påmeldingsliste på avdelingane, slik at dei som treng pass skriv seg på.

Kafè-gjengen

Sogndal Studentbarnehage var for ei tid tilbake med i eit prosjekt kalla “Entreprenørskap i barnehagen”. I den forbindelse oppretta vi ein Kafè-gjeng i barnehagen. Det er dei eldste barna i barnehagen som driftar kafeen. Målet er at kafè-gjengen skal vera med i heile prosessen frå byrjinga til slutt. Det er kafè-gjengen som inviterer til arrangement i barnehagen. Dei lagar handleliste, handlar på butikken, skriv invitasjon på plakat og lagar maten o.a. Dei yngre barna og småbarnsavdelingane får tildelt oppgåver frå kafè-gjengen om det er noko dei treng hjelp til.

”Bli kjent middag” er kafègjengen sitt første arrangement. Føresette og søsken blir invitert til middag i barnehagen. Her har kafègjengen sådd, og så plukka poteter og gulerøter i hagen, skrelt og kutta opp, handla på butikken det me ikkje har sjølv, og til slutt teke imot betaling. Personalet opplever dette som ein veldig hyggelig ettermiddag. Tusen takk til alle for at dykk bidreg til ei så fin stund.

Foreldre kafè, Middagar, Basarar og Frukostar mm.

Det er ikkje sikkert at de har moglegheit til å vere med på alle tilstellingar me har i barnehagen. Då gjev de beskjed til oss, så er barnet dykk saman med ein av dei vaksne i barnehagen i denne tida.

Dette betyr at personalet er opptekne av desse barna, har ansvar for, og må vere saman med dei.

Derfor må vi sjå dei andre ungane som henta når de deltek på arrangement, då er det dykkar ansvar å sette grenser og å vere saman med barnet.

FN-markering med basar

I samband med FN-dagen vil me ha ei markering i barnehagen **torsdag 24. oktober.**

På basaren sel me pølse m/brød og loddar ut gevinstar. Gevinstane er gåver me har laga sjølve. Sjå etter plakat på døra når tida nærmar seg.

Praksisbarnehage

Studentbarnehagen har avtale med Høgskulen på Vestlandet om å vera praksisbarnehage. Det betyr at barnehagen kjem til å ha studentar i barnehagen gjennom barnehageåret. I år vil me ha 2 BLU student på avdeling Sol (haust og vår), og 3 BLU studentar (haust) på avdeling Stjerne.

Foreldresamtalar

Det vil bli foreldresamtalar med alle nye barn i løpet av hausten. Dei andre får samtaler etter nyttår. Gi beskjed om de ynskjer samtale før denne tid.

Lån av barnehagen

Foreldre kan låne barnehagen gratis. Kontakt styrar for å avtale tid og låne nøkkel. Barnehagen har vore brukt til bursdagsfeiring, barnedåp, konfirmasjon t.d. De kan òg få låne den kun for å vera der og leike ein ettermiddag/helgedagar.

Styrar

Dersom det er noko de vil snakke med meg om kan de komme innom kontoret eller ringe. Ingen saker er for store, ingen saker er for små. Me ynskjer tilbakemeldingar på jobben me gjer, og tek gjerne imot tips til forbetringar.

NB! Gjer det til ein god vane å alltid lukke porten ordentleg, med kjetting og lås, sjølv om det ikkje er nokon ute. Me er næraste nabo til Dalavegen, det tek ikkje lang tid for eit born å komme seg bort dit, dersom dei skulle komme seg ut porten.

La ikkje bilen gå på tomgang ved henting og levering i barnehagen. Det er berre anledning å parkere bilane for av og på stigning, ingen langtidsparkering.

Helsing styrar Benedikte

Avdeling Måne

Evaluering august

August måned er over og sommaren er begynt å gå over til haust. Alle barna er på plass på avdeling Måne, og me er godt i gang med å bli kjent med kvarandre. Me har starta som vanleg, med tilvenning av nye barn og barn frå småbarn. Dette gjer me med å lære oss namna på kvarandre, og vere litt nøye med å følgje rutinar, slik at dei nye raskt blir trygge på avdelinga.

På Måne deler me barna i faste grupper (Blå gruppe, raud gruppe og kafé gjengen). Dette har me komme litt i gang med i august måned, og vil fortsetje med gjennom heile barnehageåret. Til no har me delt gruppene inn i utegrupper og innegrupper, og vore ein del i lag alle saman. Me har hatt «Bli kjent middag», med ein ivrig kafé-gjeng, som har jobba godt med alle oppgåvene som høyrer til i denne samanhengen. Dei har teke opp poteter frå grønsaksåkeren, som dei planta tidlegare i vår/sommar. Dei har øvd seg på å dele opp dei ulike grønsakene me skulle ha til middagen, pynta bord og teke i mot inngangspengar. Det var stort oppmøte, med mykje god mat, nøgde gjester og veldig nøgde kafé-gjeng.

Planar for september og oktober

Livsmeistring og psykisk helse

Rammeplanen beskriv livsmeistring som barna si psykiske og fysiske helse, og førebygging av krenkingar og mobbing.

Me tenkjer at livsmeistring først og fremst handlar om positive erfaringar og opplevingar i barnet sitt liv. Positive erfaringar saman med nære vaksne og andre barn, fremjar trivsel og livsglede her og no. Samtidig bidreg dei positive opplevingane til robuste barn med ei motstandskraft som gjer dei betre i stand til å tåle opp- og nedturar i livet.

Å oppleve meistring gir barn tru på at eiga læring og meistring er mogleg. Å erfare å ikkje lukkast med ein gang (utan å miste motet), er viktig for psykisk helse og livsmeistring. I denne samheng er støtte frå nære og omsorgsfulle vaksne ein viktig faktor. Ein vaksen som gir passe støtte og hjelp, vil kunne bidra til at barnet lukkast med noko, som det ikkje ville ha gjort aleine. (utdanningsforskning.no)

Satsingsområdet for alle barnehagane i Sogndal kommune er psykisk helse. Dette temaet vil me fokusere på gjennom heile året.

Barn er skapt for å vere i rørslе. Fysisk aktivitet er ei kjelde til glede, velvære og meistringskjensle. Ein aktiv kvardag har mange gode verknadar på kroppen vår. Fysisk aktivitet har òg positiv verknad på barna si mentale helse, evne til sosialt samspel, evne til å konsentrere seg og å læra, og såleis gjere til at barna trivst betre. (Rammeplanen 2017). I ei barnegruppe er det viktig òg å fokusere på det enkelte barnet, og framheva det på ein positiv måte overfor dei andre i gruppa. På denne måten lærer me kvarandre, og oss sjølv å kjenna.

Tema: Vennskap og relasjonar

Gode relasjonar fremjar barna si psykiske helse og livsmeistring. Relasjonar handlar om å dele noko kjenslemessig saman med andre. Relasjonar prega av trygghet, gjensidigheit (kvar sin tur), glede og stimulering, dannar ein solid grunnmur som barnet nyt godt av i vidare utvikling. (Utdanningsforskning.no)

Allereie frå starten på barnehageåret har me tema vennskap og relasjonar i fokus. Vennskap er sentralt for vår emosjonelle, sosiale og moralske utvikling. For å utvikle og å ta vare på vennskap, krev det sosiale ferdigheiter. Slike ferdigheiter består av fleire faktorar, blant anna prososiale handlingar, hevde seg sjølv, vise empati og evna til å samarbeide. Barnet må kunne leve seg inn i andre sine situasjonar, kunne dele, hjelpe andre, følgje reglar og beskjedar, og å vente på tur. I barnehagen øver me på desse ferdigheitene i ulike aktivitetar og situasjonar i løpet av dagen. Me legg opp til at barna beheld dei trygge relasjonane dei har, samtidig med at me hjelper dei med å etablere nye. Vennerelasjonen er ulik andre relasjonar, fordi ein vel desse relasjonane sjølv. Barn sine vennskap gir moglegheit til samspel med andre på same nivå. Her får barna anledning til å leike, forhandle, fantasere og utforske. I det heile prøve ut og praktisere språklege, motoriske, kognitive, og sosiale ferdigheiter med jamnaldrande (Dunn 2004).

For å skape gode relasjonar og vennskap blant barn, står leiken i sentrum. På Måne legg me til rette for leik i grupper, delt etter både alder og modning, og på tvers av alder. Personalet er støttande og deltakande, og observerer og rettleiar dersom samspelet «går i feil retning» (jmf Rammeplan 2017). Me samtalar med barna rundt det å ha og å vere ein venn, og det å vere like/ulike og gode nok. Me les bøker, høyrer forteljingar og ser film, og me samarbeider og gjer kvarandre gode.

«Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap.»
(Rammeplanen 2017 s. 23)

BlimE!

I år, som i fjor har, me meldt oss på BlimE! og skal danse BlimE!-dansen saman med mange barnehagar og skular rundt om i landet. Dette skjer fredag 6. sept kl 12. Viss barna har lyst å synge og danse heime, finn de tekst til sangen og dansen godt forklart på NRKsuper. BlimE! er NRKsuper sin årlege venskaps-kampanje, og vart lansert hausten 2010, Den skal gi auka bevisstheit hjå barn om det å vere venner med kvarandre og vise omsorg. Temaet for BlimE 2019 er å sjå kvarandre, og å våge og stå opp for kvarandre og seg sjølv. Årets låt heiter «Mer enn god nok» og blir sunge av Stina Talling.

ActNow

I år har Sogndal Studentbarnehage sagt ja til å vere med på forsknings- og utviklingsprosjektet ACTNOW. Prosjektet går over 2 år, 2019-2021. Målet er å utvikle ein god og berekraftig modell for auka fysisk aktivitet i barnehagen, og undersøke effekten av fysisk aktivitet på barna si generelle utvikling, læring og helse. For dei barna som skal vere med på prosjektet, inneber det å bruke aktivitetsmålar, måling av vekt, høgd og midjemål, testing av motorikk, kognisjon og sjølvregulering. De som forelder vil òg få eit spørjeskjema. Følg med på MyKid/vekeplan for oversikt over dagar dei ulike aktivitetane skjer. Alle dei vaksne på Måne er òg med i prosjektet ☺

Brannvernveke

Veke 38 er det den nasjonale brannvernveka. Brannvernveka blir markert kvar haust som ei påminning om brannsikkerheit. Me kjem til å snakke om røykvarslar, brannsløkkingsapparat, og kva gjer me dersom det byrjar å brenne. Me går tur opp til brannstasjonen, kanskje me heldige og ser brannbilen i aksjon. Det blir ei brannøving der me er førebudde, og ei der me er mindre førebudde.

FORUT

I oktober har me fokus på eit FORUT sin barneaksjon, som me kvart år vel å støtte og samle inn pengar til. Utover hausten produserer me gevinstar til ein basar me arrangerer i oktober her i barnehagen. Barna er sterkt medverkande i prosessane fram mot basaren. Dei får innblikk i korleis barn lever og har det i andre delar av verda. Gjennom slikt arbeid får dei gjere seg tankar om korleis me òg kan bidra til å gjera tilhøva litt betre, for nokon som ikkje har det så godt som oss. I haust blir me kjent med 4 år gamle Nanah og den spennande kvardagen hennar i landsbyen Kareneh i Sierra Leone. Meir informasjon om FORUT får de når det nærmar seg.

Haust

Me ser på dei endringane som skjer rundt oss om hausten. Naturen er ein ynda stad for å fokusere på sansane. Her kan me undre oss over mangfaldet i naturen ved å sjå, lukte, lytte, føle og bevege oss. Med dei endringane som skjer og med skiftande vèr, kan kvar dag bli ei heilt ny oppleving. I oktober skal me òg ha ei epleveke, der me bl.a. lagar epletrykk og eplemos.

Melding heim

I september startar me opp med varmmat kvar fredag. Dersom det skjer endringar, vil de få informasjon om det.

Dei eldste barna har ei eiga gruppe me kallar Kafègjengen. Denne gjengen har medansvar for dei ulike arrangementa me har i barnehagen. Det kan dreie seg om innkjøp, lage invitasjonar, lage mat, lage dekorasjonar til pynt, å pynte, ta betaling, levere overskotet i banken og liknande.

I løpet av barnehageveka deler me barna inn i mindre grupper. Oversikten over kva gruppe barnet ditt er i, vil henge på døra i garderoben saman med vekeplan.

Hausten nærmar seg, og det tyder på at dagane blir kaldare og gjerne våtare. Me minner difor om, at det er på tide å ta med seg varme klede til å ha under regnkle/dress, og ekstra skift dersom barna blir våte.

Studentsamskipnaden på Vestlandet er sertifisert som Miljøfyrtårn. I barnehagen inneber det blant anna at det aller meste av informasjon vil gå via MyKid, i staden for brev i korga til barnet. Det er difor viktig at de er innom MyKid i løpet av veka, slik at de får med dykk informasjonen som kjem der. Som miljøfyrtårn har me òg miljøvenlege bærenett til frakt av våte/skitne kle. Dei er tilgjengelege for dykk, hugs å ta dei med tilbake til barnehagen.




Til slutt ei påminning; på grunn av vask av yttergarderoben kvar fredag, ønskje me at de tek med heim eller legg dressar/regnkle/sko i korga før helga.

Er det noko de lurar på, ta kontakt. Direktenummeret til Måne er: 48031132.







Helsing

Aud Jorunn, Gry, Ingvild, Johanne, Simon, Hallvard, Vilde og Siri

September

V	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
36	2. Øve på BlimE! Dansen kvar dag denne veka	3. Leik ute/inne Møtedag	4. ACTNOW – Observasjon av bhg.dagen	5. Venne- aktivitet i grupper	6. Varmmat – lapskaus BlimE! dansen
37	9. ACTNOW – Motorikktest	10. Leik ute/inne Møtedag	11. Dramaforløp med 2 blu- studenter	12. Venne- aktivitet i grupper Foreldre- møte Kl. 17-19	13. Varmmat – fiskepinnar, potetmos og grønsaker
38	16. Nasjonal brannvernveke ACTNOW Utlevering av akt.måler	17. Leik ute/inne Møtedag	18. saman dagen Me syng i kantina under lunsjen	19. Vennetur til brann- stasjonen 	20. Varmmat – Graut Venneaktivitet
39	23. Venne- aktivitet	24. Leik ute/inne Møtedag  Hurra!! William 3 år!	25. Tur 	26. Venne- aktivitet i grupper	27. Varmmat – fiskekaker, pasta og grønsaker

Oktober

V	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
40	30/9 Tur 	1. Leik ute/inne Møtedag	2. Venneaktivitet i grupper	3. ACTNOW Test kognisjon og sjølv- regulering	4. Varmmat - lapskaus ACTNOW Test kognisjon og sjølv- regulering
41	7. Planleggings- dag Bhg. er stengt	8. Leik ute/inne Møtedag	9. Venneaktivitet i grupper	10. Venneaktivitet i grupper	11. Varmmat – fiskepinnar, potetmos og grønsaker
42	14. Tur 	15. Leik ute/inne Møtedag	16. Venneaktivitet i grupper	17.	18. Varmmat – graut
43	21.	22. Leik ute/inne Møtedag	23. Tur 	24. FN-basar 	25. Varmmat – Fiskekaker, pitabrød og grønsaker  Hurra! Selma 3 år 26/10!
44	28.	29. Leik ute/inne Møtedag	30. Tur 	31.	1/11 Varmmat – Pasta og kjøttsaus

EVALUERING AV AUGUST

Avdeling Sol og Stjerne

September er her, og for mange av dykk betyr det at barnet dykkar har gått i barnehagen ein måned allereie. Størstedelen av tilvenningsfasen er unnagjort, men nokre barn har av og til periodar av dagen der dei er lei seg, og har då stort behov for ein voksen som ser og trøystar dei. Dei aller fleste fell til ro og kjenner seg trygge i barnehagen no, sjølv utan mamma og pappa.

For at tilvenninga skal bli så god som mogleg legg me i personalet stor vekt på å legge til rette for ro og tid, møte dykk i garderoben for ein god start på dagen, og å få snakka med dykk foreldre. «*Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn*» Rammeplan for bhg 2017 s.33

Ved at vi kommuniserer godt saman, utvekslar idear og naudsynte opplysningar ligg føresetnadane til rette for at barna skal trivast i barnehagen. Me i personalgruppa har stort fokus på dei daglege møta med dykk foreldre, og etterstrebar det å skulle møte og få tid til å prate med dykk alle i bringe –og hentesituasjonar.

I august har me hatt fokus på å trygge dei nye borna, men òg dei som har gått her før. Det er no 8 barn på Sol, og 9 på Stjerne. Dei tre siste borna er på plass i oktober/november. Sol hadde mange som fortsatte frå førre barnehageår, og har foreløpig kun fått to nye barn i gruppa. På Stjerne var det mange som skulle flytte over til stor avdeling, dei har difor fått fem nye hittil. For å skape mest mogleg ro i gruppa har personalet på Sol og Stjerne kun fokus på å trygge nye og «gamle» born, jobbe for å etablere gode relasjonar mellom barn og vaksne, men òg mellom borna. Det er viktig å jobbe for at alle skal kjenne seg som ein del av gruppa og vite at her er eg viktig.

For å skape tryggleik er det behov for forutsigbarheit. Me har ein dagsrytme som me forsøker å fylgje så godt som mogleg, å vite kva som skjer kan hjelpe på tryggleiken. Alle barn har sin faste plass rundt bordet, med bilde av seg sjølv og bokstaven sin på. I sangstund syng me enkle songar, me repeterer dei same songane kvar dag – dette òg for å skape tryggleik. Me syng om alle borna i gruppa, og gir merksemd til det enkelte barn, i arbeidet med å kjenne på tilhørslse. «*I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne*» (Rammeplan for barnehagen s. 22, Utdanningsdirektoratet 2017). Me vil òg i september bruka god tid på å bli kjent med borna, jobbe med å skape gode relasjonar, og jobbe med å skape gode rutinar som høver for enkeltbarnet og gruppa.

I august har me feira Sverre og Maximilian på Stjerne som fylte 2 år, og Tale på Sol fylte 2 år ☺

Veldig kjekt at så mange kunna komme på Bli-kjent-middagen, takk for besøket!

PLANAR FOR SEPTEMBER OG OKTOBER

Psykisk helse

Psykisk helse er eit satsingsområde for kommunane i indre Sogn òg i år. Gjennomgåande i kvardagen har vi stort fokus på sosial kompetanse, og viktige omgrep her er empati, sjølvhending, sjølvkontroll, prososiale handlingar, leik, glede og humor. Sjølv sagt på det nivået barna på Sol og Stjerne er. For personalet i barnehagen er det viktig å synleggjera, trygge og anerkjenne barna, hjelpe barna med å regulere kjensler, hjelpe barna med sorg og skuffelsar, og

hjelpe barna til å leike og mestre. (Jmf. Samspelsmetoden Dialog i Årsplan for Studentbarnehagen.)

Dersom de ynskjer å lese meir om psykisk helse, så står det meir om det i Temahefte for Sogndal Studentbarnehage som de finn her:

<https://www.sammen.no/no/sogndal/barnehage/for-foreldrane/tema-i-barnhagen-2018-2019.pdf>

Meg sjølv

No i oppstarten av barnehageåret er det viktig å fokusere på kvart enkelt barn og framheva barnet på ein positiv måte overfor dei andre i gruppa. Det er viktig at barna kvar dag blir anerkjent og respektert i barnehagen. Det å bygge barna si sjølvkjensle blir viktig, for å kunne stå stødig i dei utfordringane dei vil møta. Det er naturleg for alle barn å bruke kroppen for å bli bevisst seg sjølv. Difor har vi valt å bruke ein del songar som vi kan bevega oss etter, og songar som går på kroppen. Vi brukar og ei dokke for å lettare illustrere for barna kva vi snakkar om som auge, nase, armar og bein og kva vi skal kle på. At vi kan lytte med øyre, sjå med augene, smake med munnen. Fokus på mestringsglede hos det enkelte barne er viktig. Kva kan vi bruke kroppen vår til, hoppe, springe, danse, m.m. Viktig å glede oss saman med barna når dei klarar ting. Gjennom leiken brukar barna kroppen sin, og får slik motorisk trening og kunnskap om korleis kroppen fungera. Set og ord på ulike kjensler, eg er glad, lei meg, sint. Limer bilde på golvet som viser ulike ansiktsinntrykk. Formingsaktivitetar blir blant anna å lage handtrykk og barna får lage kvar sitt hus med bilde av familien eller noko anna som er viktig for barnet.

Haust

For små barn opplever vi det er nærliggande å bruke dei ulike årstidene som tema. Det er konkret og noko som i seg sjølv gir grunnlag for gode opplevingar og læring.

Hausten står for tur, og vi vil bruke denne tida til å sjå på endringane i naturen, og gi barna erfaring med denne årstida. Vi vil ta med oss barna ut i naturen, sjå, vere i, og ta med noko frå naturen til barnehagen. Dette kan vi bruke til å lage haustbilde. Vi fokuserer på haustfargar og syng haustsongar. I oktober vil me òg bruke litt ekstra tid på eple. I Sogndal har me eple – og frukttre omkring oss, og me kjem ikkje utanom at dette har stor plass i bygda vår. Me skal utforske eple, kva kan me bruke det til? Me kan lage mat av eple, lage juice, og bruke det i formingsaktivitet. *"Barnehagen skal legge til rette for at barna får eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring"* (Rammeplan for barnehagens.52).

Kommunikasjon, språk og tekst

Fagområdet kommunikasjon, språk, tekst er aktuelt på avdelingane for dei under tre år gjennom heile året. For å kunne støtte dei minste barna i deira språkutvikling, må dei vaksne heile tida vere tilgjengeleg, og nær barna. Dei vaksne må vere medvitne om korleis ein bruker språket, og at ein heile tida er modell i dei små barna si språkutvikling. Slik vil vi få til eit gjensidig samspill, og hjelpe og støtte i deira måte å uttrykke seg på verbalt og nonverbalt. Vi skal ha ein kvardag prega av leik, song, musikk, rim, regler og høgtlesing.

Melding heim

I september startar vi og opp med varmmat kvar fredag. Det kan vera lurt å ha med litt niste i tillegg om barnet et lite middag og treng påfyll når vi har frukttid etter soving.

I løpet av hausten kjem det studentar på begge avdelingane, meir informasjon vil komme når me veit meir.

Vi er no komne til hausten, og me kan ha både varme og kalde dagar. Ta difor med godt med klede, varme og gode ytterklede. Ha gjerne godt med skiftetøy i hylla på badet, på våte dagar blir ein gjerne våt både på føter og armar.

Direkte tlf. nr på Sol og Stjerne : 48064858
Er det noko de lurar på, så er det berre å ta kontakt

Helsing personalet på Sol og Stjerne

Rørslesongar

- God morgon alle saman
- Hokus og pokus..
- Lille Petter edderkopp..
- Hjula på bussen..
- Hove, skulder kne og tå..
- Så klappa me på..
- Hendene våre spelar me med..
- Tommelfinger, tommelfinger..
- Ein familie på fem (Pinnsvinsongen)
- Vi tek kvarandres hender





Haustsongar

- Eple og pærer
- Blada faller ned..
- Hausten kommer..












Regler

- Pannebein...
- Tetill, tåtill, tillerot...
- Tommeltott, slikkepott, langemann...
- Ormen lange, kraup som ein slange

SEPTEMBER

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
36	2 Tema: Meg sjølv Songar med bilde knytt til temaet.	3 Formingsaktivitetar tema: Meg sjølv  Sol avdelingsmøte 08.50 – 09.50	4	5	6 Varmmat: Spaghetti med kyllingkjøtt og saus
37	9 Tema: Meg sjølv	10 Formingsaktivitetar tema meg sjølv  Stjerne avdelingsmøte 08.50 – 09.50	11	12 FORELDRE-MØTE Sol/ Stjerne 16.15 – 18.00	13 Varmmat: Lapskaus
38	16 Tema: Meg sjølv	17 Formingsaktivitet med tema meg sjølv  Sol avdelingsmøte 08.50 – 09.50	18	19	20 Varmmat: Kjem på vekeplan
39	23 Tema: Meg sjølv	24 Formingsaktivitet med tema meg sjølv  Stjerne avd.møte 08.50 – 09.50	25	26	27 Varmmat: Kjem på vekeplan

OKTOBER

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
40	30 Tema: Haust → Songar med bilde knytt til temaet.	1 Form.akt. tema haust  Sol avd.møte	2	3 Feire Amund 2 år (stjerne) 	4 Varmmat: Kjem på vekeplan Feire Ariel 1 år 
41	7 Tema: Haust Planleggingsdag, felles med kommunen. Bhg er stengt	8 Formingsaktivitetar tema haust  Stjerne avd.møte	9	10	11 Varmmat: Kjem på vekeplan Feire Sjur og Solvor 2 år 
42	14 Tema: Haust →	15 Formingsaktivitetar tema haust Feire Iben 1 år  Sol avd.møte	16	17 Feire Jakob 1 år 	18 Varmmat: Kjem på vekeplan
43	21 Tema: Haust → Feire Emre 1 år 	22 Formingsaktivitetar tema haust Feire Birk 1 år 	23	24	25 Varmmat: Kjem på vekeplan
44	28 Tema: Haust → Feire Synne 2 år 	29 Formingsaktivitetar tema haust	30 	31	